

BEREKRAFTSRAPPORT ÅSEN OG ØVRELID AS 2024

Vi bygg framtida saman

Gjennom berekraftrapporteringa gjer vi rede for korleis Åsen og Øvrelid påverkar miljø, klima og lokalsamfunn


Berekraft handlar om best mogleg balanse mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold.



EI HISTORIE OM LOKAL FORANKRING OG INNOVASJON

Åsen & Øvrelid AS vart grunnlagt som eit tømrarfirma i 1988 av Leif Arne Åsen og Helge Øvrelid. I 1996 vart det gjennomført ein fusjon med betongfirmaet Brødrene Sunde AS, eigd av Halvar og Stig Sunde.

Åsen & Øvrelid AS er eit av dei største entreprenørselskapa på Nordvestlandet. Vi har hovudkontor i Førde og datterselskapa Åsen & Øvrelid Nordvest AS i Ålesund og Åsen & Øvrelid Røberg AS i Molde. Vi tel om lag 220 tilsette og marknaden er heile Nordvestlandet.



EIGARSKAP OG STYRE

Eigarskap

- 9,9 % Ø1 Holding AS
 - 90,1 % Åsen & Øvrelid Holding AS
- HSI Holding AS 25 %
SSI Holding AS 25 %
Øvrelid Holding AS 25 %
LÅÅ Holding AS 25 %

Styre

Marianne Skrede, styremedlem
Stig Sunde, styremedlem
Leif Arne Åsen, styreleiar
Nils Kristian Johnsrud, tilsettrepr.
Tom Årdal, tilsettrepr.
Finn Ove Øen, Dagleg leiar



BEREKRAFT HANDLAR OM BEST MOGLEG BALANSE MELLOM SOSIALE, ØKONOMISKE OG MILJØMESSIGE FORHOLD



Økonomisk berekraft

- Redusere kostnader ved å implementere energieffektive løsningar, redusere byggeavfall, og optimalisere ressursbruk.
- Auke produktivitet: Sikre at ansatte har nødvendig kompetanse og utstyr, og at prosjekter gjennomførast effektivt.
- Sirkulærøkonomi er økonomi for framtida, og omfatter alt fra avfallsminimering, kartlegging av ombruk og energigjenvinning



Sosial berekraft

- Trygt arbeidsmiljø: Høge krav til HMS på anleggsområde, god opplæring og tilrettelegging for å minimere risiko for skade og ulykke.
- Ansatte sin velferd: Prioritere gode arbeidsforhold, inkludert ergonomi og psykososiale faktorer.
- Involvere lokalbefolkninga: Kommunisere med lokale interessenter, hensynta vår påverknad og, involvere dei i prosjekt.



Miljømessig berekraft

- Redusere klimagassutslepp: valg av materialer med lav klimabelastning, lokalt innkjøp.
- Redusere avfall: Implementere kildesortering, gjenbruk og resirkulering av materialer, og minimere avfall under byggingen.
- Velge berekraftige materialer: Materialer som tre, resirkulert metall og miljøvennlig betong kan bidra til å redusere miljøpåvirkninga.

VI FORPLIKTAR OSS TIL Å JOBBE MED BEREKRAFT

Vårt overordna miljø- og berekraftsmål er å vere ein aktør som bidreg til ei positiv utvikling innan miljø og berekraft i byggebransjen. I vårt geografiske nedslagsfelt ønsker vi å vere ein leiande aktør innan berekraftige løysingar frå utvikling til ferdigstilling.

Åsen og Øvrelid AS forpliktar seg til FN sine berekraftsmål, med fokus på dei 5 måla vi meiner er særleg relevante for å kunne bygge bygningar som komande generasjonar kan vere stolte av langs heile vestlandet



KLIMA OG MILJØ

Bygg- og anleggssektoren stend ansvarleg for ein betydeleg andel av klimagassutsleppa i verda. Globalt sett er denne sektoren ansvarlig for omtrent 39 % av de totale klimagassutsleppa.

I Noreg stend bygg-, anleggs- og eigedomssektoren for rundt 16 % av dei totale klimagassutsleppa. Bransjen vår er storforbrukar av energi og naturressurser, og produserer mykje avfall.

hovedfokus for bedre klima og miljø

13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



9 INDUSTRI,
INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR



11 BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN



Sertifikat

Ledelsessystem for kvalitet og ytre miljø

Åsen & Øvrelid AS

Fjærevegen 9,
6800 Førde

Ledelsessystem er funnet i overensstemmelse med

NS-EN ISO 9001:2015

NS-EN ISO 14001:2015

Sertifiseringen omfatter følgende aktiviteter:

Byggentreprenør for total- og hovedentrepriser. Utvikling- og
samspillssenterpriser. Betong-, mur- og tømrerarbeid, gartner- og grunnarbeid

Sertifikat nr.:

24-020

Utstedt første gang: 18.06.2021

Sist utstedt: 05.06.2024

Gyldig til: 18.06.2027

Oppfølging: Årlig



Daglig Leder



Styreleder

VERIFY



Åsen og Øvrelid har som målsetjing å vere bransjeleiar på HMS og berekraft.

For å kunne dokumentere vår innsats når det kjem til HMS og miljø, har vi valgt å ISO sertifisering av både NS-EN ISO 9001 (kvalitetsleiar) og NS-EN ISO 14001 (miljøleiar).

Det betyr i praksis at vi har etablert system som sikrar struktur, forutsigbarheit og kontinuerleg forbetring i alle fasar av byggeprosjekt.

ISO 9001 hjelper oss å levere bygg med høg kvalitet, redusere feil og avvik, og sikre god dokumentasjon og kundetilfredsheit.

ISO 14001 gir oss eit rammeverk for å redusere miljøpåverknad gjennom heile byggeprosessen – frå planlegging og materialval til avfallshandtering og energieffektiv drift.

Desse standardane viser at vi tek ansvar for både kvalitet og miljø i ei næring med stor påverknad på samfunnet og klimaet.

MILJØFYRTÅRN



SERTIFIKATNUMMER	10487
UTSTEDT	31.08.2023
GYLDIG TIL	31.08.2026

SERTIFIKAT

Åsen & Øvrelid AS

Fjærevegen 9, 6800 FØRDE

Er sertifisert etter følgende bransjekriterium:

0 A Felleskriterier, privat og statlig
45 Byggentreprenør

Dette inneber at verksemda har ein miljøstandard og rutinar som er funne å vere i samsvar med dei nemnde kriteria. Verksemda kan dermed dokumentere at strenge kriterium innan tema som arbeidsmiljø, innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp og estetikk er tilfredsstilte.

Sertifiseringa er utført av

Nils Rune Nesbakk

Sertifiser, på vegne av CertNor AS

Kontrollert av Stiftelsen Miljøfyrtårn: Ja



Miljøfyrtårn-sertifiseringa er eit viktig verktøy for å systematisere og dokumentere verksemda sitt arbeid med miljø og berekraft. Sertifiseringa gir både interne og eksterne gevinstar, og styrkar vår posisjon som ei ansvarleg og framtidsretta verksemd.

Miljøfyrtårn gir oss eit konkret rammeverk for å arbeide målretta med miljøforbetringar innan områda energi, avfall, transport, innkjøp og arbeidsmiljø. Dette gjer det enklare å setje mål, måle framgang og kontinuerleg forbetre oss.

Sertifiseringa gir oss tilgang til digitale verktøy for miljørapportering, som gjer det enklare å dokumentere innsatsen vår og vise fram resultat. Dette styrkar truverdet vårt overfor kundar, tilsette og samarbeidspartnarar.

Miljøfyrtårn bidreg til å skape engasjement blant tilsette og fremjar ein kultur for berekraft og ansvar.

Gjennom Miljøfyrtårn-arbeidet bidreg vi aktivt til fleire av FNs berekraftsmål, mellom anna mål 12 (ansvarleg forbruk og produksjon) og mål 13 (stoppe klimaendringane).



KJELDESORTERING



Bransjesnitt for nybygg

Gjennomsnittleg avfallsgenerering i norske nybygg er ifølge SSB 50–56 kg/m²


Målsetjing Åsen og Øvrelid AS

Åsen og Øvrelid har som mål å ikkje produsere meir avfall enn 30 kg/m² på våre nybygg.

- Miljøoppfølgingsplan (MOP) alle prosjekt
- Kontinuerlig overvaking av avfallsmengder i prosjekt
- God prosjektplanlegging og berekraftig innkjøpsplan



SORTERINGSGRAD AVFALL 2024



Restavfall 12,5 %

Kildesortert avfall
klargjort for gjenvinning i 2024/alle
prosjekt: 87,5%

Målsetjing 2025:
90 % sorteringsgrad

Anbefalt målsetjing for
bygggebransjeni Noreg:
Minst 80 % sorteringsgrad



REDUKSJON AV KLIMAGASS

I tråd med TEK17 § 17-1 leverer vi klimagassregnskap på nye boligblokker og yrkesbygg. Prosjektregrnskap blir utarbeidd etter NS 3720:2018

Vi i Åsen og Øvrelig ønsker å ta større ansvar og rapporterer i tillegg på klimagassutslepp i eiga verksemd.

Grafen viser klimagassutslepp i eiga verksemd etter scope 1 - 3 for 2024, rapportert i tonn CO₂ekv.


Scope 1: 150,32 tonn CO₂ekv.

Scope 2: 26,61 tonn CO₂ ekv.

Scope 3: 7563,42 tonn CO₂ekv

Vår målsetjing for 2025 er å yttarlegare redusere utslepp ved å innføre Bream In Use, arbeide mot fossilfri byggeplass og kompetanseheving i berekraft.

Eiga verksemd 2024



Scope 1: Direkte klimagassutslipp fra verksamheita sine egne egedeler

Scope 2: Indirekte klimagassutslipp fra verksamheita sitt kjøp av energi.

Scope 3: Indirekte klimagassutslipp som skjer langs verksemda si verdikjede, inkludert oppstrøm og nedstrøms

INNOVATIV OG FRAMTIDSRETTA

Vi har som målsetjing å vere innovative og framtidsretta:

Vi jobber kontinuerleg med å ta i bruk innovative løysingar og moderne byggjeteknikkar som forbetrar effektiviteten i byggeprosessen, reduserer kostnader og aukar holdbarheita til våre bygg.

Vi har som mål å bidra til at det blir bygd berekraftige byar og lokalsamfunn:

Vi planlegg bygg som er tilpassa og robuste nok til å tole klimaendringane i åra som kjem. Sikre at nye bygg og anlegg er bygd for å være enerieffektive og miljøvennlige.



**MÅL: Ingen avvik/uønska hendingar knytt til utslepp til ytre miljø.
2024: Ingen rapporterte hendingar.**



Planlegge bygg som er tilpassa og robuste nok til å tole klimaendringane i åra som kjem.



Klimaframskrivingane for vestlandet viser at temperaturen kan stige med mellom 2°C og 4°C innan midten av dette århundre.

Når det gjeld nedbør, er det venta auke på mellom 10% og 20% i årleg nedbørsmengde

SOSIALE FORHOLD

Åsen og Øvrelid AS vil vere ein pådrivar for ein seriøs byggebransje. Alle som arbeider i våre prosjekt skal ha ein sikker og god arbeidsplass, anstendige betingelsar for arbeid og opplevelsen av å bli respektert og lytta til.

Det er veldig viktig for Åsen og Øvrelid AS at handtverkarar som utfører arbeid på våre prosjekt ikkje skal vere offer for sosial dumping, men ha vilkår som minimum er i samsvar med norske minimumssatsar for løns- og arbeidsvilkår.

hovedfokus på ei seriøs byggebransje

4 GOD
UTDANNING



8 ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



Lønns- og arbeidsvilkår

Vi sørger for at alle våre
tilsette og alle som
arbeider i våre prosjekter
får rettferdig lønn og
gode arbeidsvilkår



Arbeidstid

Vi følger gjeldende
arbeidstidsbestemmelser
og unngår overtid som
kan gå ut over
arbeidstakar si helse



Diskriminering og trakassering

Vi har nulltoleranse for
diskriminering og
trakassering. Alle tilsette
har rett til å arbeide i et
inkluderende og
respektfullt miljø, fritt for
diskriminering og
trakassering.



Mangfold og inkludering

Vi forpliktar oss til å
inkludere alle tilsette,
uansett bakgrunn.

KVINNER I BYGGENÆRINGA

Ifølge ein rapport fra Byggenæringens Landsforening (BNL) frå 2019, utgjer kvinner omlag 8 % av arbeidsstyrken i byggebransjen i Noreg

Åsen og Øvrelid AS hadde i 2024 4 % kvinnelege ansatte – 5 kvinner av totalt 128 ansatte.

Forskning viser at mangfoldige team ofte er meir innovative og effektive.

Auka kvinneandel kan bidra til å endre ein ofte mannsdominert kultur i byggenæringa, og gjere arbeidsmiljøet meir inkluderande

2024: 4 % kvinner

**Målsetting for 2025:
auke andel kvinner**





LÆRLINGAR


Det er generelt lav rekruttering til handverksfaga i Noreg, noko som fører til mangel på kvalifisert arbeidskraft

Dette påvirker både kostnader og tidsrammer for byggeprosjekter.

vi søker derfor aktivt å ta samfunnsansvar ved å bidra til å utdanne morgondagens fagarbeidarar og bidra til å dekke behovet for kvalifisert arbeidskraft.

Det er ikkje berre vi som kan lære vekk. Det å ha lærlingar bringer ny kunnskap og nytt perspektiv som kan forbedre arbeidsprosessane våre.

Å ha lærlingar styrker arbeidskrafta og organisasjonen gjennom kontinuerlig læring og utvikling.




Lærlingar 2024: 10
Målsetjing lærlinger 2025: 13

VÅRT OVERODRDNA HMS-MÅL ER: INGEN SKADER ELLER ULYKKER PÅ VÅRE BYGGEPLASSER

Vi jobbar aktivt for å skape eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle våre tilsette og alle som arbeider på våre prosjekt. HMS er eit felles ansvar. Vi tilbyr jevnlig HMS-opplæring til alle ansatte, og sørger for at dei får tilstrekkelig kunnskap om krav etter arbeidsmiljøloven, utførelse av risikoanalyse i form av Sikker Jobb Analyse (SJA) og andre førebyggjande tiltak.

Systematisk rapportering og oppfølging av uønska hendelsar (RUH) er eit av våre viktigste verktøy for å avdekke sikkerhetsavvik og nesten-ulykker med formål om å førebygge før ulykka skjer.

Regelmessige vernerundar kvar 14.dag blir gjennomført på alle prosjekt for å avdekke forhold som kan føre til arbeidsulykker.



HMS-hjulet er grunnlaget for vårt systematiske HMS-arbeid

AMU

AMU står for arbeidsmiljøutval. Det er eit lovpålagt samarbeidsorgan i verksemder med minst 30 tilsette og har som hovudoppgåve å arbeide for eit godt og trygt arbeidsmiljø. Utvalet bestend av representanter frå arbeidstaker og arbeidsgjevar, samt bedriftshelsetensta

AMU har rett til å uttale seg om og påverke saker som gjeld:

- fysiske og psykososiale arbeidsforhold
- bruk av verneutstyr
- opplæring i HMS
- organisering av arbeidet

det vart avholdt 4 møter i AMU i 2024



SJUKEFRÅVER

**VI HAR SATT OSS SOM MÅL Å HA LÅGT SJUKEFRÅVER HJÅ VÅRE
ANSATTE, UNDER 5%**

	2021	2022	2023	2024	mål for 2025
Sjukefråver Åsen og Øvrelid NV	6,64*	8,61*	7,28	6,77 %	under 5%
Sjukefråver i Bygg- og anleggsbransjen (SSB)	6,5 %	6,8 %	6,8 %	7,2 %	

*ikkje hensyntatt fråver som følge av corona



Sjukefråveret i bygg- og anleggsbransjen i Noreg har vore eit viktig tema siste åra. Ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) har sjukefråveret i denne sektoren vore relativt høgt samanlikna med andre bransjer.

Desse tala inkluderer både eigenmeldinger og legemeldt sjukkefråver. Det er verdt å merke seg at fysisk krevjande arbeid og eksponering for støy og andre arbeidsmiljøfaktorar bidreg til høgre fråver i denne bransjen.

STOLT SPONSOR AV LOKALSAMFUNNET

Åsen & Øvrelid har gjennom alle år støtta lokalsamfunnet som sponsor og samarbeidspartner for både små og store tiltak i det frivillige organisasjonslivet. I 2024 var vi stolt sponsor av:

- Sogndal Fotball
- Førde Volleyball
- Førde IL Fotball – Akademi, A-lag og barne- og ungdomsgruppa
- Førde IL Friidrett
- Sogn og Fjordane Skikrins, 3 utøvarar
- Langeland ski- og fritidssenter
- Anga FK
- Jølster Skyttarlag
- Jølster Løypelag
- Jølster Skisenter
- Jølster Alpin
- Sogndal Båtlag
- Diverse lokale arrangement innan idrett og kultur



11 BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN



TAKK FOR MERKSEMDA

Vi står i dag ved eit vegskille, kor våre handlingar i dag vil forme dagen for komande generasjonar.

Berekraftrapporten for 2024 viser betydelege framskritt i ei meir berekraftig retning, men også at det er mykje arbeid som gjenstår for å nå FN sine berekraftsmål.

Vi fortsetter å jobbe med våre målsetningar om å lede an i byggebransjen i grønne val og ei trygg og seriøs byggebransje.



Sentralsjukehuset for
Nordmøre og
Romsdal

